

Fornøgde med loppemarknaden

08.03.2014



Godt utval av gjenstandar prega marknaden

**Den tradisjonelle loppemarknaden er avvikla i Aktivitetshuset i føremiddag og Lions i Kvinnherad er godt fornøgd med salet. Summen er litt mindre enn i fjor men den kom opp i 20 000 opplyssar Leiv Guddal. Med ein viss variasjon har summen lege rundt dette nivået også i dei 3 tidlegare åra arrangementet har vore avvikla.**

Før salet starta var det kø utanfor og svært god omsetnad den fyste av dei 3 timane. Deretter dabba det noko av, men det er liten grunn til å tru at grunnen var 'stemnekollisjonen' med opent sauehus på Myklebust. Dei 2 arrangementa trakk ikkje det same publikum,

Rundt rekna går halve summen til lokale føremål, til dømes kampen mot rus og eldreomsorg. Som vanleg må Lions berømmast for ein profesjonell avvikling.

Tekst, foto og Nett: Ola Matti Mathisen



Leiv Guddal og Egil Hovda hadde hektisk sal i starten